

FØRDE SENTRUMSSTRATEGI 2018 - 2030



Foto: Sunnfjord Utvikling AS

FØRDE SENTRUMSSTRATEGI

Strategi for utviklinga av framtidens Førde sentrum 2018 - 2030

Dato: 16.04.2018

(1)



Førde kommune
Ei drivkraft med menneske i sentrum



0 INNLEIING

1 BAKGRUNN

- 1.1 OVERORDNA MÅLSETJING
- 1.2 BESKRIVELSE AV OMRÅDET
 - 1.2.1 OMRÅDET SI AVGRENSING
 - 1.2.2 AREALBRUK OG BYGREP
 - 1.2.3 KULTURMINNER
 - 1.2.4 LANDSKAP OG GRØNSTRUKTUR
 - 1.2.5 TRAFIKK OG KOMMUNIKASJON
 - 1.2.6 EIGEDOMSFORHOLD
- 1.3 UTFORDRINGER OG MULIGHETER
 - 1.3.1 VURDERING AV BUSTADSPOTENSIALE
 - 1.3.2 TRAFIKKSITUASJONEN
- 1.4 OVERORDNA FØRINGAR
 - 1.4.1 FØRDEPAKKEN
 - 1.4.2 KOMMUNEPLANENS AREALDEL
 - 1.4.3 STATLEGE FØRINGAR
 - 1.4.4 REGIONALE FØRINGAR

2 FYSISKE RAMMAR

- 2.1 HOVUDGREP FOR EI TRINNVIS UTVIKLING
- 2.2 OVERORDNA STRUKTUR
- 2.3 FRAMTIDIG AREALBRUK
 - 2.3.1 BUSTADAR
 - 2.3.2 NÆRING
 - 2.3.3 OFFENTLEG SERVICE
 - 2.3.4 UTEOPPHALDSAREAL
 - 2.3.5 ANDRE FORMÅL
- 2.4 FRAMTIDIG UTNYTTING

2.5 TRAFIKKSYSTEM

- 2.5.1 TRAFIKK
- 2.5.2 PARKERING
- 2.5.3 GANG- SYKKEL
- 2.5.4 KOLLEKTIV

2.6 OFFENTLEGE ROM OG GRØNSTRUKTUR

2.7 KULTURMINNEVERN

2.8 MILJØ

- 2.8.1 LUFTFORUREINING
- 2.8.2 STØY
- 2.8.3 JORDFORUREINGING

2.9 TEKNISK INFRASTRUKTUR

- 2.9.1 KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG
- 2.9.2 ANNA LEDNINGSNETT

3 GJENNOMFØRING AV UTBYGGINGEN

3.1 UTBYGGINGSØKONOMI

3.2 SAMHANDLING OFFENTLEG - PRIVAT

- 3.2.1 BRUK AV UTBYGGINGSAVTALER
- 3.2.2 PRIVAT ORGANISERING
- 3.2.3 KOMMUNAL INNSATS
- 3.2.4 NØKKELPROSJEKTER

3.3 FORSLAG TIL RETNINGSLINJER

4 REFERANSAR

- 4.1 TRONDHEIM
- 4.2 OSLO
- 4.3 DRAMMEN
- 4.4 MALMØ
- 4.5 KØBENHAVN
- 4.6 BOLIGBYGGJING
- 4.8 BUSSTERMINAL

DET BLIR OGSÅ EGET TEMA PÅ MEDVIRKNING,
INNSPILL OG WORKSJOP (PROSESS)



INNLEIING

Førde kommune ved Planutvalet bestilte hausten 2016 utarbeiding av ein Sentrumsstrategi for Førde sentrum. Vinteren 2017 vart det invitert 4 fagmiljø til konkurranse om oppdraget med å utarbeide Sentrumsstrategi. Fortunen arkitektur vart i april 2017 engasjert for oppdraget.

Arbeidsgruppe for Førde kommune har vore

plan og byggesaksleiar	Odd Harry Strømsli
prosjektleiar Førdepakken	Arve Seger
byplanleggjar	Julie Daling

Fortunen arkitektur AS har hatt fylgjande arbeidsgruppe

siv ark	Gro Haveland
siv ark	Maria Therese Hage
siv ark	Jon Mannsåker
siv ark	Kiyohiko Myoshi
siv ark/prosjektleiar	Nils Johan Mannsåker



Figur X

1

BAKGRUNN

Førde har gradvis utvikla seg frå eit samfunn av gardbruk og embetsmannssenter, til eit mellomstort samfunn, regionsaenter, med stadig gryande urban utvikling. Det er likevel eit stykke att før Førde sentrum når ein identitet som attraktivt bysentrum.

Målet med Sentrumsstrategi er å skapa ei ramme, eit fast styringsverktøy for å sameine alle krefter i å byggja Førde sentrum.

I premissane for oppdraget, har låge at løysingar gitt av Førdepakken skal leggjast til grunn for arbeidet. Arbeidet med Førdepakken har ikkje følgt den framdrifta som var føresett, difor har ikkje Sentrumstrategien kunna inarbeida dei endelege løysingane frå Førdepakken.



Figur X

HEILSKAP

Ein er avhengig av ei heilskapleg tilnærming til utviklinga for å kunne skape eit fungerande sentrum i den framtidige planlegginga av Førde. Sentrumsstrategien vil være eit verkty for å kunne ta stilling til enkeltplanar og enkeltprosjekt sett i større samanheng og tidsperspektiv. Dette verktøyet skal være tilgjengeleg for alle og kunne rettlege arealplanleggaren, politikaren, eigedomsutviklaren og innbyggjaren i Førde.

MENNESKELEG SKALA

Det er viktig å ivareta den menneskelege skalaen i sentrumsutviklinga. Dette inneber at storleik og skala står i høve til korleis mennesket oppfattar omgjevnadene sine. Det vil sei moderate byggjehøgder, oppbrotne fasadelengder, (kvartalslengder bør ikkje overstige 50m), aktive fasadar i bygningssoklar, viktige sikliner og god orientering, samt minst mogleg barrierar i planen.

BARN OG UNGE

Førde sentrum skal verta ein god og attraktiv stad å bu, det må spesielt leggjast vekt på gode område og samanhengar for born og unge. Tryggleik er ein viktig premiss for at born og unge skal ha gode oppvekstvilkår. Å skapa trygge gang- og sykkelforbindelsar, og uterom med god sosial kontroll er difor eit grunnleggjande tema i Sentrumsstrategien.

ARKITEKTONISK KVALITET, MANGFALD OG MATERIALITET

Sentrumsstrategien ynskjer å leggje til rette for utbygging med kvalitet, arkitektonisk mangfald og god materialbruk. Krav til estetikk kan være ein metode for å setje standard for den vidare utvikling av Førde sentrum.

PLANPROSESSAR

Det er ei målsetjing ved Sentrumsstrategien at ein ved å bruke denne som ramme og verktøy, skal kunne unngå kompliserte og langdryge områdeplanar, men gå rett på detaljregulering for enkeltområde.

Gatenettet vert då det avklarande systemet som viser kvart utbyggingsområde.

Sentrumsstrategien skal gje klare anbefalingar og føringar for komande utbyggingsprosjekt.

Målsetjinga må vera at ved å fylgja desse, skal vegen gjennom kommunal sakshandsaming ha ein enklare prosess.




Figur X

BAKGRUNN

1.2.1 MEDVIRKNINGSPROSESS - NETTSIDE

MANGLAR TEKST


MANGLAR TEKST



1.2.2 MEDVIRKNINGSPROSESS - FACEBOOK

MANGLAR TEKST

MANGLAR TEKST



FØRDE SENTRUMSSTRATEGI

Strategi for utviklinga av framtidas Førde sentrum 2018 - 2030

Dato: 16.04.2018

BAKGRUNN

1.2.3 MEDVIRKNINGSPROSESS - PORTALBYGGGJING OG WORKSHOP

MANGLAR TEKST



FØRDE SENTRUMSSTRATEGI

Strategi for utviklinga av framtidens Førde sentrum 2018 - 2030

Dato: 16.04.2018

1

Framtids-Førde – ein draum Førde har alt som skal til for å kombinere kultur, klima og miljø og bli eit førebilete for andre småbyar. Tenk å kunne få skifta bremseklossar på sykkelen din og såla om favorittsko dine i dei no tomme lokala på sørsida. Tenk om Indre Øyrane kunne bogne av grønsaker framfor enda fleire forretningar. Skomakergata Eg sit i Byløa og lyttar til den rolege røysta til Maia Birkeland. Ho fortel om lange onnedagar medan blomsterenga dansar på pallevæggen framfor meg. - Dei gamla nausta støtter seg mot kvarandre, med minner om fortida og kanskje håp for framtida, seier Birkeland. Eg ser meg rundt i Byløa, høyrer bilane suse forbi ute i den verkelege verda. Eg sit i ein installasjon, eit kunstverk. Løa, hesjer, folk på jordet, alt har vorte til kunst og museum. Daud kultur. Like daud som gata eg går ut i etterpå. Forbi Rådhuset, der Samvirkelaget låg, og den aude plassen framfor. Forbi tomme butikkvindauge. I fantasien fyller eg lokala med nye samvirke, med levande kultur og framtidsretta arbeidsplassar i tråd med alle dei fine orda i «den grønne skiftet». Bondens marked og fersk fisk. Ein syrisk tapetserar har vi allereie, den afghanske sykkelreparatøren i det gamle postbygget vart dessverre flytta til eit anna mottak. Mange saknar skomakaren og ein skreddar som både kan trylle fram nye kle etter mål, lappe rifter og skifte glidelås i soveposen. Kanskje eit antikvariat? Og ein smed? Eg saknar Gintos også. Her kunne bysyklane vorte leigd ut og turistinformasjonen vore, med turkart over dei framtidsretta tiltaka over heile byen. “De kom og spiste av skogene mine...” Vi veit at tida for bruk og kast må ta slutt. Fleire ynskjer lokal, usprøyta mat og drikke, mikrobryggeri og gardsysteri poppar opp. Vi veit og at trafikkmengda må ned, både den lokale og den globale; transporten av varer frå andre sida av jorda. Vi har ikkje noko val. På fylkeshuset vert det jobba både med ein regional plan for kultur og ein klimaplan for Sogn og Fjordane. Der kjem kapittel om mindre bilkøyring, lågare forbruk og om å ta vare på det vi har. Det bør og gjelde matjord. Førde er bil- og shoppingby. Eit fjernvarmeanlegg brøyter seg fram og skuggen av ein sykkelby teiknar seg med ein slik brutalitet at gode intensjonar druknar i berettiga harme og underskriftskampanjar. - Førde kommune planlegg med gravemaskin, skriv sivilarkitekt Kjell Aage Udberg i 10. august. Han har sørgjeleg rett. Grave-maskiner har aldri visst noko om natur og miljø. Meiningsfullt liv Eg vonar at den globale trenden med urbant jordbruk når Førde før Indre Øyrane vert bygd ned. Det tek hundrevis av år å byggje den gode matjorda som enn så lenge ligg der. Det nyttar ikkje å flytte den, strukturen i jordlaga vert øydelagt. Kva gjer at nærare 100 menneske grev i jorda, planter og haustar hos Sjur på Vie? Fordi det er sosialt, lærerikt og gjevande. Det gjer oss glade og gjev oss mengder med ferske, usprøyta grønsaker. I Sverige har fleire kommunar kjøpt seg inn i andelslandbruk for å ha tilgang på gode grønsaker. – Vi får kvalitet, mindre svinn og ansikt bak maten. Det er viktig for oss, seier kjøkensjef Jens Vikingsson i Tinsryd kommune. Han har ansvaret for mat både til skular og sjukeheimar, og involverer elevane. Kva med kokkelevane på Øyrane vgs? Ville ikkje dei like å gå 100 meter for å hauste ingrediensar og krydder til maten dei lagar? Då

å lage mat frå grunnen, sparte dei 100 tusen kroner i året. Billegare og betre, og pasientane åt meir. På mange av dei over 70 andelsbruka i Noreg er innvandrar eit markert innslag. Også på Vie gjer Samir og Najm ei kjempeinnsats. Bergum mottaks-senter skal leggjast ned. Men vi har mange busette flyktningar i Førde. Betre integreringsarena finst ikkje. I forkant av trendane Førde har framleis høve til å bli ein føregangsby for urbant landbruk, og vi treng ikkje bere jord opp på taka for å få det til. Vi har jorde og bønder med kunnskap. Andelsbøndene på Vie har vist at det godt går an å dyrke økologiske grønsaker i Førde. I tillegg har dei opparbeidd seg ein kompetanse på småskala dyrking som er i ferd med å forsvinne med dei som i dag er på sjukeheimen. Og ja, det trengst fleire hender enn to på eit traktoratt. - Det er viktig at vi har eit moderne, sterkt og framtidsretta landbruk, ikkje minst for å få gjennomført nødvendige generasjonsskifte og rekruttere bønder i framtida, skriv ordførar Olve Grotle i Firda 25. juli. Han fortel at det var vekst i det aktive jordbruksarealet i Førde frå 2015 til 2016. (Det auka med 63 dekar, i følge SSB) Han fortel ikkje kor mykje utmarks-beite som gror att. Han fortel ikkje kva han legg i framtidsretta landbruk. Men når vi veit at 70 prosent av maten vi et kjem frå små, gjerne familiedrivne bruk, som utgjer berre 30 prosent av jordbruksarealet i verda, seier det vel seg sjølv. Gjenbruk og lokalmat Fjærland var smarte og vart Bokbyen. Den tittelen er oppteken. Kva kan Førde bli? Ein by som er i forkant av dei endringane vi veit må kome. Det vil seie meir lokalprodusert mat og bruk av lokale ressursar, mindre import av kraftfôr frå Brasil og billege kle frå Kina. Gjenbruk på alle nivå. Dette er berre urealistiske hippiedraumar og romantisk diildall, tenkjer du? Andelslandbruk gjev leigeinntekt til bonden og arbeid til gartnarar. Ingen vert rike av å lappe sko og kle, men eit levebrød kan det vere. Det er ikkje å gå attende i tid, men å ta med det beste frå fortida vår inn i framtida, parallelt med teknologiske framskritt og nyvinningar. Minne om fortida gjev håp for framtida, sa Birkeland der i Byløa. Førde har det som trengst, og har heldigvis aldri vorte oljeavhengige. Vi har ledige lokale, vi har matjord og kreative menneske som framleis kan eit handverk. Vert det eit miljø for levande handverk, vil fleire kome. Vi kan ikkje stoppe klimaendringane ved å dyrke kål og reparere det vi allereie har, men det er ei konkret og berekraftig utvikling mot det grønne skiftet som alle snakkar om og ingen tør gjere noko med. Berekraft på alvor Eg vil handle lokalmat på ein permanent Bondens marknad, gjerne supplert med fersk fisk og utgått på dato-mat frå daglegvarebutikkane i Førde. Der vert det kasta tonnevis med godt etande mat kvart einaste år, noko eg veit butikksjefane også tykkjer er gale. Og seinare, når eg har flytta på sjukeheimen, vil eg gjerne sitte i glaset og sjå folk luke og småprate i gulrotåkeren på Øyrane, og vite at middagen eg får kjem derifrå. Eg vil ta meg ein liten trilletur over GANGBRUA og prate med hønene, diskutere tiltak mot kålsommarfugllarva med andelseigarane og sjå fuglar hekke i sivet. Først då kan vi snakke om at Førde er ei drivkraft – med MENNESKA i sentrum, ikkje bilen, gravemaskinene og shoppingssentera. Ta deg gjerne ein tur innom Byløa. Kanskje vi kan bli mange med den same draumen?

2

Sandhallen på Vie og sin klatrevegg må være en del av planene til Framtidas Førde. Den eneste sandhallen i Sogn og Fjordane og den eneste klatreveggen i Førde tiltrekker mange i Førde og omland. En ny møteplass for barn, ungdommer og voksne. De ønsker å ha et samarbeid med kommunen for å bli et permanent aktivitets- og idrettsanlegg.

3

Eg saknar ein kafe som sel softis og varm sjokolade på søndagen nær ein park. Eg saknar sushi Eg saknar tog/ekspressruter via sjø til byar og nær Eg saknar leikeland og badeland Eg saknar fleire desinasjonar og billigare fly Eg saknar butikker som ikkje er i kjede/senter Eg saknar fortgang i byggesaker og reguleringer for å sikre vekst Eg saknar markedsføring av Førde, slik at ikkje østlendinger trur eg kjem fra Ålesund. Sjølv sagt promotere natur og friluft, men Norge er eit land med fantastisk natur OVER ALT! Her må vi finne på noko nytt.berre å kontakte meg viss de treng engasjement og fortgang, helsing ei sognejente & ein trønder som har busatt seg i Førde.

4

I trappa ned til elva er det sett opp eit gjerde mot elva. Dette hindrar kontakt med elva. Kva med eit eller to trinn til; eit vassetrinn til slutt? Dette kan vere eit aktivitetsfremmande tiltak ved rådhusplassen. Ser at få brukar trappa slik det er no. Rådhusplassen er ikkje stor og aktivitetsinstallasjonar på sjølve plassen kan også virke hemmande for aktivitet.

5

Førde må være prega av vatn. Vi regnar ned. Det er vatn overalt. Korleis kan vi bruke alt regnet? Vi vil ha fontener, vassleik, vatn overalt. Vi kan bruke regnvatn, vatn frå elva osv. Kva med ein eigen regnpark, ein regnhage? Eit regnspa? Innretningar i gatene som nyttar regnet på ulike måtar: regn som lagar lyd, regn og lys, regn og lukt, regn som meditasjon, regn som irritasjon, gleda over å være i ly for regnet osv. Nytte regnet estetisk, la regnet renne på ulike vis på glastak og langs fasadar og vegar, la regndropar prege overflater, materialer som reagerar, ny teknologi osv. Regnbuebruer, skyer, tåke, damp, vatn som pumpast opp på varme dagar, eller regntunge dagar, som sunnfjordske geysirar midt i byen ...

6

Parkeringsplass utanfor bomringen der ein kan sykle/gå vidare til sentrum. Ringbuss via denne plassen og gjerne bysyklar. Dette for å hindre unnødvendig biltrafikk i sentrum og trong for parkeringsareal i sentrum.

7

Kombinert næring-bustadbygg i sentrum. Dei siste i Hafstadvegen er no planlagt rive. For små bedrifter kan ei slik kombiløysing vere ein måte å finansiere marginale næringer i sentrum.

8

Det er mykje positivt som allereie er på plass med lyssetting i Førde sentrum, til dømes rundt Førde rådhus, Sogn og Fjordane kunstmuseum og elva Jølstra - men her treng vi enda meir :-). Store delar av året er det mørkt, og klimaet vårt er vått - difor ekstra viktig med lyssetting. Det har vore fleire forslag opp gjennom åra om å gjere noko med lys i elva Jølstra, dette er noko å gå vidare med. I tillegg kan det gjerast mykje med lyssetting på både bygningar og "mellom husa". I det heile tatt meir kreativ bruk av lys!

9

At vi skal få moderne skolar

10

Her er mine idear angående sentrum: 1. Ei hovudgate frå Elvegården til Førdehuset med hyggelege tilbod som kafe, aviskiosk og blomsterbutikker med inngang frå gata. (Jfr. no der bensinstasjon, buss- stasjon og bankar pregar bybiletet) 2. Benkar ute strategisk plassert langs hovudgata. Gjerne under fine tre. 3. Små bodar til brukte bøker der ein kan plassere dei ein vil bli kvitt, og ta seg ei ny bok. Gjerne nær busstasjon. 4. Plantehandelen tilbake i sentrum. Eller ei ny plantebutikk med fagfolk og alle slags hageplanter/ tre/ buskar. 5. All gjennomgåande trafikk utanom sentrum (Riksveg 5, E 39)

11

Innspeil til sentrumsstrategi for Førde frå utflytta førdianar 1. Nokre av Førde sine utfordringar:

1.1. Stagnasjon. Førde vart utpeika som vekstsenter i 1965. Førde har opplevd 50 år med enorm folketalsvekst. I denne vekstperioden har folketallet i Førde auka frå rundt 3500 til rundt 13 000 i dag. I dei seinare åra har denne utviklinga flata ut. Førde opplever nettoutflytting. Demografisk befolkningsmansetting er ikkje så ulik resten av landet. Sviktande tilflytting tilseier at Førde ikkje lenger er spesielt attraktiv plass å flytte til.

1.2 Omdømeproblem. Førde har sidan slutten av 1980-talet blitt omtalt som «Norges styggaste bygdeby». Arkitektar, planleggjarar og tidlegare kulturredaktørar i Bergens Tidende har framleis negative haldningar til bygdebyen. Omdømeproblem er ikkje positivt med tanke på tilflytting.

1.3 Politisk motstand. I Sogn og Fjordane generelt er det stor skepsis til desentralisert sentralisering. Den bitre sjukehusstriden er eksempel på dette. Så innad fylket er det stor politisk motstand mot å utvikle Førde til ein skikkeleg by. Politisk motstand mot å utvikle Førde medverkar til forsterke Førde sitt omdømeproblem.

1.2.4 MEDVIRKNINGSPROSESS - SAMANDRAG AV INNSPILL

1.4 Etterslep på byplanlegging. Førde kommune har ikkje hatt ressursar og planverktøy til å planleggje byutvikling i vekstperioden. Kommunen sitt planarbeid har stort sett avgrensa seg til teknisk infastruktur som vatn, veg og kloakk medan private utbyggjarar har hatt relativt fritt spelerom. Førde kommune har ingen områdeplan for Førde sentrum. Mangelfull byplanlegging gjer det legitimt å omtale Førde som Norges styggaste by.

1.5 Bilbyen. Førde framstår som ein by på privatbilismen sine premisser. Mange av Førdes beste tomter er parkeringsplassar. Ein by tilrettelagt for å køyre til jobb, parkere like ved inngangsdøra på kjøpesenteret, fylle bensin og så køyre heim til ein bustaden oppi fjellsida eller i bustadfeltet i nabokommunen. Mange fryktar at utviklinga i Førde sentrum vil stagner med utvida handelspark på Brulandsvollene. Med fortsatt svak prioritering av byplanlegging vil Førde også i framtida framstå som dårleg planlagt, bilbasert bygdeby.

2. Nokre av Førde sine mogelegheiter: 2.1 Flott natur. Førde er frå naturen si side ein svært flott plass med fjell, fjord og elv i eit frodig dalføre. Elva Jølstra som renn rett gjennom sentrum er svært behageleg å feste blikket på. Å vende byen mot elva Førde vil gjere byen langt meir attraktiv.

2.2 Reiselivssatsing. Frå 1. januar 2020 blir Førde senter for ein større kommune. Førde, Naustdal, Jølster og Gaular kan tilby mellom anna turistattraksjonar som Astruptunet, Sunnfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Nausta – ei av Vestlandets betre lakseelvar, Jølstravatnet – landets beste fiskevatn for aurefiske, Huldefossen, Fossestien i Viksdalen og Gaulafjellsvegen – ein nasjonal turistveg. Førde er ein typisk plass der mange turistar har stoppa for fylle bensin, kjøpt seg ei pølse, og deretter reist vidare. Førde bør særleg utvikle seg som reisemål. Ei reiselivssatsing kan vere positivt for viljen til å gjere grep innan byutvikling.

2.3 Kultur og kreativitet i Førde. Ei rekkje kulturinstitusjonar, festivalar og større idrettsarrangement held til i Førde. Førde sentrum treng fleire sosiale og kulturelle møteplassar, både innandørs og utandørs. Slepp kreative krefter laus – lat oss byggje framtidas Førde med utgangspunkt i Richard Florida sin teori om Den kreative klassen!

2.4 Vekstkraft. Førde er senter for eit stort omland og samtidig eit naturleg geografisk og trafikkmessig knutepunkt på Vestlandet. Førde er enno ikkje stor nok plass til å vekse i kraft av sin eigen storleik, men ofte førsteval når bedrifter med landsomfattande verksemd vil etablere seg i Sogn og Fjordane. Kvar tredje arbeidstakar i Førde er pendlarar frå nabokommunane, og tar vi med relativt kort reisetid til Flora og Sogndal så vi snakkar om ein mellomstor arbeidsmarknadsregion. Det er uansett behov for eit sterkt bysenter mellom Bergen og Ålesund.

2.5 God plass. Førde har areal tilsvarande sentrumsbydelane i Bergen, Bergenhus og Årstad. I motsetnad til Bergen sentrum så har Førde faktisk rikeleg med framtidig bygge- og utbyggingsareal. Arealkrevjande verksemd i Førde sentrum kan dessutan relokaliserast.

2.6 Forbetra omdøme: Førde har på mange områder forbetringspotensiale. Dei fleste førdeanarane har ei felles forståing om årsakene til at Førde lenge har blitt omtalt som landets styggaste bygdeby. Ganske mange av innbyggjarane er opptekne av byutvikling, og dette positive engasjementet er verdt å dra nytte av. Førde treng ein sentrumsstrategi og gjennomføring av denne for nettopp å forbetre omdømet.

3. Visjonar om framtidas Førde: Sentrumsstrategien for Førde skal vere forankra i det flotte slagordet «Førde kommune – ei drivkraft med menneske i sentrum». Ein sentrumsstrategi forankra i Førde kommune sine verdiar må ha følgjande målsettingar:

-Førde må bli meir attraktivt for tilflyttarar. -Førde må satse på å utvikle seg som reisemål. -Førde må bli ein by for kultur og kreativitet. -Førde må bli eit sterkt bysenter på Vestlandet. -Førde må forbetre sitt omdøme.

Ein sentrumsstrategi for Førde har som overordna mål å sikre heilskapleg og føreseieleg byutvikling. Sentrumsstrategi for Førde handlar om å omskape ein bilbasert bygdeby til eit meir komplett bysamfunn. Eit Førde med meir urbant preg og høg trivselsfaktor er viktig fordi det er behov for dette i Sogn og Fjordane. Førde skal framstå som ein ung, moderne, attraktiv og sexy by!

Førde skal bli ein by med meir urbant preg gjennom fortetting og samtidig utnytte byen sine flotte naturgitte omgjevnadar. Å vende byen mot elva vil auke Førdes trivselsfaktor vesentleg. Jølstra skal bli meir allment tilgjengeleg med fleire samanhengande gang- og sykkelveg langs elva, og med fleire gangbruer på kryss og tvers. Langs elva skal det også vere parkanlegg, gatemøblar, leikeplassar, cafear og andre sosiale møteplassar. I dette perspektivet skal Førde gjennomføre sine vyer om å bli sykkelby. Dei fleste av byens arbeidsplassar ligg innan 10 minutt på sykkel. Ein skal også kunne gå til det alle meste i Førde sentrum på 5 minuttar.

E39 blir lagt om og skal gå frå Langeland til Bruland. Gjennomgangstrafikken kan også reduserast med sentrumstunnel gjennom Hafstadfjellet. Ein bygarasje i Hafstadfjellet finansiert med Førdepakken vil frigjere masse store parkeringsareal. Også ein bygarasje på Firda Billag-tomta i tilsvarande storleik vil frigjere areal til byutviklingsføre mål. I Førde sentrum bør byggehøgda variere mellom 5 og 10 etasjar. Det må byggjast fleire byleiligheter for å skape eit bysenter med folkeliv. Med arealeffektiv byutvikling skal det likevel vere plass til sentrumsnært landbruk og vidareutvikling av Hafstadparken som landets flottaste anlegg for breiddeidrett.

4.
Frå sentrumsstrategi til gjennomføring:

- 1:
Førde kommune utarbeidar eit styringsdokument om sentrumsstrategi for Førde.
- 2:
Førde kommune lagar på bakgrunn av denne sentrumsstrategien ein områdeplan for Førde sentrum.
- 3:
Førde kommune får tilført ressursar til byplanlegging, samt til gjennomføring av byutviklingstiltak.

12

Eg synest vi må tenke stort og på nabokommunane allereie no. Førde kjem garantert til å bli større og eit sentrum for mange no når kommunane blir slått saman. Då synest eg at det er viktig at vi er opne for alle. Eg synest at det er spesielt viktig å ta ansvar for asylsøkarar og folk som har komen inn til Noreg. Dei har vert gjennom masse og fortentar rett og slett at vi ikkje går imot dei. Kanskje det kunne vert fleire inneplassar til å slappe av, for dei som ikkje har så stor leiligheit å bu i, litt vekk frå det meste av trafikken og bråket? Kanskje det også kunne vært plassar der folk kan komme å få hjelp til å være «nordmann»? Kanskje det kunne vært ei senter eller ei avdeling o.l. der det føregjekk norskkurs? Desse som kjem frå fjerne land er ein del av framtida vår, og eg synest hatet mot dei er dumt. Dei er som oss og dei fortentar å få det like godt som oss. Eg er ingen ingeniør eller noko av det slaget, så eg veit ikkje mykje om korleis eg kan forbetre samfunnet, men eg håpar dette kan hjelpe.

13

Jeg tenker at Førde er en akkurat passe stor by til at folk kan sykle eller gå til jobb og skole hvis det blir lagt godt tilrette for det. Som helårssyklist ser jeg store ulemper ved et oppsplitting sentrum, der du må på Kronborg dersom du ikke finner det du trenger i "Sentrum". Eller hvor er egentlig sentrum? Sentrum i en by er ikke 2, 3 eller 4 handelshus. Sentrum må innholdet det vi trenger for å nyte flere timer i byen. Spisesteder, butikker, grøntareal uten trafikkstøy, benker og trær, trygge uteområder slik ar barn kan leike, gågate, torg uten biler, kafeer og butikker på bakkeplan, der du ikke treng gå inn i et handelshus for å finne kafeen. Jeg traff ifjor et ungt par som var turister i Førde, vi ventet på grønt lys ved Domus, og de lurte på hvor sentrum var, for de ønsket spise lunsj ute i det fine sommerværet. Jeg ble helt satt ut, og kjente at jeg ikke kunne gi dem et godt svar på hvor sentrum var, men jeg fikk summer meg og pekt ut veien til Pikant for lunsj.., og så fikk jeg pekt ut retningen til handelshusa hvis de trengte noe annet, men det var med en

en litt oppgitt følelse inni meg. Tenk om sentrum sør kunne vært plassen å vise til! Gangvegnettet langs elva på begge sider bør utnyttes til mange små butikker, kafeer, utstillinger, og med benker slik at det frister å stoppe opp. Ved det gamle posthuset burde det være gode muligheter for kafé med uteservering, og i 1. Etasje på andre sia av elva burde det være butikker og anna med fronten mot den nye fine gangvegen(som nesten ingen bruker fordi det ikke er noe interessant å se eller gjøre der, og sola skinner ikke ned der store deler av året. Dette området, på begge sider av elva mellom bruene vil kunne bli et vrimleareal for gående, med liv og røre!!

14

At det må bli:
-meir urbant
-tettare bebyggelse med bueiningar for alle generasjonar med parkering i kjeller
-mingle -og møteplassar for ulike aktivitetar
-leikeplassar for barn
-ferre bilar
-fleire kafear og kaffibarar, vegetarbar, pub'ar ut mot gater
-fleire små nisjebutikkar, -meir kunst i det opne rom -fontene i Jølster og andre stader, gjerne med lys
- no i mørketida: lys på gangbrua v/ Hafstad vgs, lys ut på Tangen i sentrum sør, lys elles på fleire plassar i sentrum som ein slags dekorasjon på denne årstida

15

Det må vere plass til tru i sentrum, jfr ope møte 2. nov. "Treng vi ny kyrkje i Førde? Kyrkjebygg, forsamlingshus, moske, katolsk kyrkje - eller fleirbruksbygg? Opne dører, fellesskap, innsyn og utsyn..

16

1. Gang og sykkelbru som går frå Askvollkrysset/ved elvemunning frå Lia til elvebreidde ved Førde Torg. Dette vil knyte ein stor og folkerik bydel (Haldbrenslia, Horten, Slåttebakkane), svært mykje tettare til sentrum, og få langt fleire til å sette bilen frå seg. Avstand er i dag unødig lang då ein må følgje E39, krysse vegen i rundkøyring ved start av sentrum sør, og vandre heile vegen til sky-walk før overgangsfelt igjen må kryssast for å entre elvebreidde/Førde Torg igjen..
 2. Langtidsplan om å innlemme Øyrane inn i sentrumsplan, med boligutbygging, bademuligheter; dette krev utfasing av næring som asfaltverk og Norsk Gjennvinning/kloakkanlegg i strandsone..
- Lukke til med vidare arbeide!:)

17

Eg håper der er gode møteplassar utendørs i sentrum i fine byrom med grøntareale. Eg håper at bilen ikkje er dominerande i bybildet. Eg håper også at Coop mega forsvinn og at alleen opp mot kirka blir tatt tilbake. Eg ønsker at Gamlebanken i Kyrkjevegen blir ein møteplass for unge, eldre, nye landsmenn der det skjer aktivitetar gjennom dagen. At det blir Førdes nye litteraturhus der det vert arrangert debattar og småkonsertar. Og at kunstnarar, forfattarar, musikarar kan leige seg inn i huset for å jobbe. Eg ønsker at idretten vert samla i Hafstadparken og at arealet framfor Førdehuset vert park og grøntområde. Gjerne med parkeringskjellar slik at bilane forsvinn frå gateplan ved Førdehuset.

18

Sykkelveg overalt. Det må verkeleg prioriterast! Pluss praktisk og billig bybuss. Og: Eit sterkt regionalsjukehus. Det er ikkje topp for omdømmet den ressurskranglinga som er no. Eg er potensiell heimflyttar gift med potensiell tilflyttar, og ei de facto nedbygging av sjukehuset skremmer oss såpass mykje at vi ikkje har lyst å flytte.

19

Fint at "folk flest" kan komme med innspel: Tidlegare sentrumsplanar og retningslinjer er i realiteten kun blitt visjonar på papiret, der hovudårsakene for manglande gjennomføring er vegnorm/krav til E39 og Rv.5. (Sjå Rambøll sin rapport for Førde Sør nokre år sidan). Som det står i plan for byutvikling i Førde for parkering og trafikk (2003), så var det alt då lagt all vekt på at behovet for å gjere noko med trafikk og parkering. Skulle gjerne sett at vi fekk ei miljø-/gågate i Hafstadvegen, frå Statoil til Esso. Gjerne med takoverbygg på deler av strekninga, med plass til gode uterom og møteplassar. E39 og Rv.5 er og har vore store flaskehalsar for sentrumsutviklinga, der krav etter vegnorm ikkje gjev rom for tilfredsstillande løysingar for internveggar, lokaltrafikk og parkering. Det er svært vanskeleg å sjå korleis ein kan legge til rette for ei ønskjeleg fortetting og sentrumsutvikling når planlagde vegføringar medfører endå dårlegare premisser for eksisterande verksemdar. I vedtaket for Brulandsvellingene står det at E39 skal vere minst mogleg barriere i storhandelsparken, sikre god trafikkflyt og leggja tilhøva til rette for god kundetilgjenge på begge sider av E39. Skulle gjerne sett at slike vedtak også vart gjort for Førde sentrum, slik at dei fine orda og visjonane om eit attraktivt Førde sentrum var mogleg å realisere.

20

Parkeringsløysingane i sentrum av Førde må spegle behova i dei ulike område. Talet på, og fordelinga av, plassar for korttids- og langtidsparkering må sjåast opp mot talet på bustadar og næringsverksemd i større grad enn i dag. Det er også behov for større grad av harmonisering av parkeringsløysinga i Førde Sentrum.

For «kundane» vil det være lettare å forholde seg til parkeringssreglar dersom det er tydeleg definerte reglar for korttidsparkering og langtidsparkering som er likelydande over heile Førde Sentrum.

21

Elveløpet til Jølstra gjennom Førde Sentrum har eit uforløyst potensial som kan heve opplevinga av Førde Sentrum. Det vil være gunstig for opplevinga av Førde Sentrum både for fastbuande og tilreisande at Jølstra blir trekt inn i bybildet og at byen opnar seg opp mot elva heller enn at ein lukkar tilkomst og utsyn mot elva.

22

Sentrum Sør har dei siste åra hatt ei negativ utvikling. Når det no truleg skal brukast midlar frå Førdepakken til tiltak i Hafstadvegen, frå CircleK til Esso, så er det viktig at tiltaka ikkje vert avgrensa til det Førdepakken skal gjennomføre. For Førde som by er det viktig at Sentrum Sør igjen vert attraktiv som ein levande bydel. Difor må ein vurdere tiltak som går utover Førdepakken, der både kommune og grunneigarar må vurdere økonomiske bidrag. Eit tiltak kan for eksempel vere nokre takoverbygg, som gjer at ein kan gå relativt tørrskodd mellom dei 2 nemnde bensinstasjonane. Eit anna tiltak kan vere at det i planlegging av parkeringsløysing vert spesielt tilrettelagt slik at det vert interessant for ein matvarebutikk å etablere seg i Sentrum Sør. Skal bydelen igjen verte attraktiv er dette heilt nødvendig.

DEFINISJON AV SENTRUMSOMRÅDET OG FORHOLD TIL TILGRENSANDE OMRÅDE

Sentrumsstrategien har fokus på sentrumsområdet si avgrensning, definert i konkurransegrunnlaget til oppdraget. Området strekkjer seg nord-syd for Løken til Hafstadfjellet, og vest frå Jølstra ved handelshusa til Førdehuset i aust. Tilgrensande område, som Hafstad/Brulandsvellen i aust og Indre/Ytre Øyrane i nord, har pågåande områdeplanar som må innlemmast i strategien for å sikre ein heilskap i den større samanhengen.

Førde har ein struktur som er noko udefinert i forhold til avgrensings- og overgangs soner. I sentrumsstrategien er det definert ulike soner:

01

Ein indre sentrumssone

02 – 03


Tilgrensande fortettingssoner på Hafstadflaten og Indre Øyrane.

04

”Hagebyen” er definert som i hovudsak ferdig utbygd, med ein del verneverdige bygningar.

05

Området med og ved Førdehuset er definert som utviklingsområde med kultur og idrett som hovudføremål.



Figur X

1.2.2 Arealbruk og bygrep

I dag er arealbruken i sone 01 fordelt mellom parkeringsareal, køyre-, veg og gateareal, terminal og handteringsareal for buss og varierende bygningføremål.

Bygningsføremål omfattar funksjonar som naturleg høyrer inn under sentrumsføremål:


- handel
- næring
- bustad
- hotel
- kultur

Det er også andre føremål som ikkje naturleg høyrer inn under sentrumsføremål, slik som

- bensinstasjon
- verkstad


Ein stor del, rundt 40% av arealet, er nytta til overflateparkering. Det må reknast med stor parkeringsdekning i sentrum i overskodelig tid framover, men dette må løysast på andre måtar enn ved overflateparkering dersom ein skal kunna sjå at Førde sentrum skal vera i utvikling som bysentrum.

Bygningsmassen er samansett. Her fins nye bybygningar med god bruk, og høg kvalitet, og bygningsmasse av låg kvalitet som med fordel kan rivast for å gje plass for meir tidsmessig og sentrumsrelatert bruk




Figur X

01 - ein indre sentrumssone
areal
avstandar
potensiale
utfordringar



Figur X

02 - tilgrensande fortettingssoner på Indre Øyrane
areal
avstandar
potensiale
utfordringar



Figur X

03


Tilgrensande fortettingssoner på Hafstadflaten
areal
avstandar
potensiale
utfordringar



Figur X

04

Hagebyen er definert som bevaringsområde
areal
avstandar
potensiale
utfordringar



Figur X

05

Området med og ved Førdehuset er definert som utviklingsområde med kultur og idrett som hovudføremål.
areal
avstandar
potensiale
utfordringar

UTDJUPA MEIR UNDT KVA SOM ER POTENSIALE I DEI 5 ULIKE OMRÅDA

Figur X - sllakjdlakjcljclakjlaj

Sentrumsområdet har bygningar frå fleire tidsperiodar.


Sone 01 primært frå 1950 og seinare.

Kulturminneplan for Førde er under utarbeiding. Når dette arbeidet er ferdigstilt, vil det vera eit viktig dokument i forvaltninga av kulturminna i området

Historisk har sentrum i Førde flytta seg fleire gonger. Utover 1700 talet var sentrum i Førde knytt til embetssmannsfunksjonar og kyrkja, med sorenskrivargarden og prestegarden.

Frå 1780-åra endra Jølstra løp, slik at ho rann ut i fjorden rett mot vest, og ikkje lenger fylgde løpet rundt Indre Øyrane. Viktig vilkår for det opprinnelege sentrum fall då bort, og sentrum flytta seg etterkvart til sentrum sør

I 1980 åra byrja etablering av kjøpesenter nord for Jølstra, som etter kvart har ført til at mykje av sentrumsaktiviteter flytta seg til denne delen.



Figur X: "Endring av Elveløp" Skissert av Karen Monnet, arkitekt

I sone 01 er det i dag nokre vel etablerte grønne område.

I hovudsak er det Jølstra, og elvekantane som karakteriserer dei viktige blå-grønt draga.


Jølstra er gjennom sentrumsområdet bebygd med 90 % av lengda pr. idag. Det vert såleis særskilt viktig korleis det resterande vert handsama.

Det er etablert gangsoner og elveforbyggjing langs store deler av dei sentrale elvekantane. I tillegg er det større parkdrag og byrom nokre stader slik som:

- Rådhusplassen med amfi ned mot elva
- Tangen ved sentrum sør-vest
- Festparken

Det er også grønne soner med stor verdi langs løken mot Indre Øyrane.

Multiconsult har utarbeidd skjøtelsesplan for Indre Øyrane som skal sikra viktige deler av området som natur- og rekreasjonsområde.




Figur X

Førde sentrum er i dag karakterisert med få, relativt tungt trafikkbelasta veger/ gater.

Fjellvegen, del av E39, er del av gjennomfartsveg, men har størst belastning frå lokaltrafikk.

Naustdalsvegen, Rv5, har gjennom- og innfartstrafikk. Storehagen / Angedalsvegen har gjennomfarts og lokaltrafikk.

Hafstadvegen er den einaste tilnærma bygata i Førde sentrum.



Figur X

Arealet i sentrum er i ulike eigarskap, både private og kommunale.

Det er ei utfordring at eigedomsgrenser ikkje nødvendigvis samsvara med ynskjeleg arealbruk

For å få til ei god byutvikling, er det naudsynt at ein finn fram til metodar for urbant jordskifte.

Utgangspunkt for ein god sentrumsplan, må vera at gatenett, byrom og offentlege plassar har ein tenleg, attraktiv og funksjonell struktur for heile sentrum og alle brukarar av sentrum. Nettet av gater og byrom vert då det styrande mønsteret for det enkelte utbyggingsområdet, det enkelte kvartalet.

Dette fell ikkje nødvendigvis saman med aktuelle eigedomsgrenser.

Der eigedomsgrenser og kvartalsgrenser ikkje samsvarar, må ein finna prosedyre for å løysa dette

- 1 Avklara mogeleg samarbeid om utvikling av kvartal
- 2 Forhandlingsmøte med Førdekommune
- 3 Dersom samarbeid ikkje fører fram, krav om område-regulering og urbant jordskifte



Figur - Kilde: Norgeskart.no

1.3.1 VURDERING AV BUSTADSPOTENSIALE


I Førde kommune vert det relativt stabilt bygd rundt 100 bustader av ulike slag i året.

Det er ei målsetjing at 50% av desse, fram mot 2030, vert bygd innafor sone 01, 02 og 03.

Tilsaman gjev dette i overkant av 600 bustader., eller knapt 50 i året.


Fleire byggjeprojekt er i utvikling allereide, rekna etter mogeleg ferdigstilling:

- 3 søstre
- Elvekanten
- Hafstadgården
- Coop – tomta
- Firdakvartalet




Figur som viser plassering av aktuelle boligutbyggingstomter

Ein bystruktur med eit tettare gatenett, vil gje større tilgjenge i sentrum, og også mindre trafikkbelastning på den enkelte gata.




Figur som viser framtidig trafikksituasjon



Figur som viser eksisterende trafikksituasjon


1.4.1 FØRDEPAKKEN

Førdepakken organiserer utbygging av vegnett, sykkelnett og gatestruktur i Førde




Figur X som viser de ulike utbyggingsprosjektene i Førdepakken.

KPA



Figur X



Figur X

Tekst

1.4.4 REGIONALE FØRINGAR

Tekst

Figur X